



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser: Saksbehandlar: 29.05.2019  
Dykkar: eff72b87-f0de-4482-8096- Arngunna Haga  
b39fb6d72d49  
Vår: 18/2679 - 19/11676 arngunna.haga@meland.kommune.no

## Fylkesmannen ber om informasjon om kvalifiseringsprogrammet

NAV Meland har over tid hatt få personar i kvalifiseringsprogrammet. Vi har likevel god oversikt over personar med nedsett arbeids- og inntektsevne og personar vi vurderer står i fare for å bli avhengige av økonomisk sosialhjelp i lang tid framover. Den gode oversikten vi har over brukarar, gjer at vi kan rettleia personar til å søkje ytingar etter folketrygdlova, arbeidsmarknadslova, bustønad og liknande. Det er få personar med nedsett arbeidsevne som har økonomisk sosialhjelp som einaste yting.

I Meland er det viktig at personar ikkje vert passive mottakarar av ytingar, men at personar får høve til å nytta dei arbeidsretta tiltaka mot avklaring, kvalifisering, formidling og oppfølging til ordinært arbeid. I tillegg har Meland eit omfattande samarbeid med arbeidsgjevarar i regionen slik at personar med ulike utfordringar får høve til å prøva seg i ordinært arbeid. I ein del tilfelle nyttar vi arbeidsretta tiltak som avgrensar arbeidsgjevar sin risiko ved tilsetningar. Skal ein leggje NAV Vestland sine målingar til grunn, er Meland eit av dei kontora med høgast arbeidsgjevarkontakt over tid.

Det har i ulike samanhengar vore peika på at kvalifiseringsprogrammet kan kompensera for innstrammingar i andre ordningar som t.d. arbeidsavklaringspengar. I Meland er vi skeptiske til at kvalifiseringsprogrammet skal nyttast på denne måten. Hovudinnrettinga på tenestene våre er at innbyggjarane må få ytingar og tenester dei har krav på og at dei vert gjeve tiltak som best hjelper dei vidare. Vi må og ta innover oss at det å setje personar på langvarige program, i enkelte tilfelle kan hindre personar i å bli å bli sjølvforsørgjande då innelåsing på tiltak vert vurdert å vera ein fare i seg sjølv.

I vårt arbeid har vi sett på nokre kritiske punkt i tenestene våre. Ungdom utan fullført vidaregåande skule og ungdom med ulike helse- eller rusutfordringar, personar som går på arbeidsavklaringspengar og vert avklart mot arbeid og personar som er ferdige med introduksjonsprogrammet.

I Meland har vi ei tett oppfølging av ungdom og vi har som mål å formidle ungdom til arbeid eller til skule/utdanning. Vi har tatt innover oss at eit avklaringsløp på arbeidsavklaringspengar har ei tidsramme på tre år og vi har intensivert innsatsen i heile løpet inkludert første sjukefråværsår slik at personar skal vera tilstrekkelig avklart og i gang med arbeid/arbeidssøking ved fullført AAP. I tillegg har vi auka ambisjonane i introduksjonsprogrammet der vi utviklar fleire løp i programmet slik at

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

introduksjonsprogrammet skal treffa fleire av deltakarane betre og at ein langt større del av våre deltakarar i introduksjonsprogrammet er i posisjon til å bli sjølvforsørgja etter fullført løp.

**Spørsmål 1 Kva er årsaka til at lågt tal KVP deltakarar i din kommune:**

Grunngjevinga som er gjeve innleiingsvis er hovudgrunnen til at Meland har få personar i kvalifiseringsprogrammet. Ved gjennomgang av personar med nedsett arbeidsevne, er det få kandidatar som vi vurderer er aktuelle for KVP i dag. To personar er no i posisjon til å få innvilga KVP.

**Spørsmål 2 Korleis sikrar de at alle som fyller vilkåra for KVP i din kommune, får tilbod om program?**

I tråd med det som står over, vil vi hevde at vi har god oversikt over personar som er registrert i NAV og at vi er i posisjon til å vurdere og drøfte med aktuelle kandidatar om KVP er eit aktuelt program for dei. Vi ser at det er få som søker KVP av eige initiativ og at dette er ei ordning som må kommuniserast fram med den enkelte.

**Spørsmål 3 Er det noko Fylkesmannen kan bidra med for å sikre at alle som har rett til KVP i din kommune, får tilbod om det?**

Vi vil delta på neste nettverkssamling for KVP i regi av Fylkesmannen og vi vurderer at dette er tilstrekkeleg for å sikre at innbyggjarar i Meland har tilbod om KVP.

I tillegg til det som alt er nemnt vil vi ta spørsmåla frå Fylkesmannen med i arbeidet med samanslåinga av NAV-kontora i nye Alver kommune. I arbeidet med å byggje eit nytt NAV kontor vil sams praksis innan KVP-feltet bli eit område som skal utviklast. Meland vil spele inn for samanslåingsprosjektet om det kan vera aktuelt å invitere Fylkesmannen til ei samling for tilsette der KVP kan vera eit tema.

Med helsing

Arngunna Haga  
leiar Nav

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER